

”skapar nye, existentielt meningsbærande historier” (s. 217), vilket jag instämmer i. Denna avhandling är enligt min uppfattning ett exempel på föredömlig kulturhistorisk analys.

Joachim Östlund

Øystein Lydik Idsø Viken, *Frygte Gud og ære Kongen: preikestolen som politisk instrument i Norge 1720–1814* (Oslo: Universitetet i Oslo, 2014). 481 pp.

Dei siste tiåra har ein både i Norden og internasjonalt kunne registrera ein forsknings-tendens med interesse for å granska nærare innhaldet i den forkynninga som skjedde frå preikestolane, særleg med tanke på politisk innhald og samfunnsmessige konsekvensar. Denne avhandlinga har ein ambisjon om å dra Noreg med i denne utviklinga, noko det skulle liggja til rette for å gjera. Som det blir påpeika har det i norsk historieforskning vorte lagt lite vekt på å studera den haldningsskapande rolle som presteskapet frå preikestolane medverka til. Oftast har ein berre svært generelt påpeika at prestane som kongstenarar stødde opp om konge og statsmakt, og kyrkja har ikkje vore granska som arena for politisk agenda og politisk kultur. I avhandlinga *Samfunnsorden og statsmakt set fra prædikestolen* leverte Michael Bregnsbo i 1993 ei framstilling av forholda i Danmark 1750–1848, men ei tilsvarende framstilling av norske forhold har vi hittil ikkje fått.

Denne avhandlinga tek utgangspunkt i at knapt nokon annan institusjon har hatt den same påverknadskraft i europeiske samfunn som kyrkja i den aktuelle perioden, og at styresmakta visste å nytta seg av dette. Presteskapet var kongstenarar og kyrkjelivet kontrollert. ”Avhandlinga er skrivi ut frå ei oppfatning om at forkynninga såleis var av ein politisk karakter”, skriv forfattaren. Ved å granska formidlinga frå preikestolen, er målet å ”visa korleis

synet på politisk makt, relasjonen mellom styresmakt og folk utvikla seg gjennom dette tidsrommet, der det politiske systemet låg fast.” Preikematerialet skal utnyttast som god kjelde til ”det offisielt medierte politiske røyndomsbiletet” undersøttane vart presenterte for.

Avhandlinga er disponert i ni bolkar. Innleiinga omtalar teser, kjelder og historisk bakgrunn. Så går forfattaren laus på teologien, både ortodoksien, pietismen, herrnhutismen og det som får overskrifta ”fornufta”. Ein tredje bolk skal handla om det som vert kalla tekstlesingsstrategiar. I kyrkja var det tale om einvegskommunikasjon, men gjennom perioden skjedde endringar i måten det vart preika på. Neste bolken vil visa korleis preikene vart nytta til å forsvara eineveldet, ikkje minst gjennom bibelske språkbilete. Femte bolken ser på bruken av bededagane i kyrkja, og desse blir omtala som døme på korleis ”styresmaktene drog nytte av preikestolane si rolle som megafon ut til undersøttane”. Sjette bolken har overskrifta: ”Indoktrinering: aktuell forklaring og langsiktig oppbygging”. Det vert lagt særleg vekt på å visa korleis omtale av krig og fred var av klårt propagandistisk karakter og verka til å styrkja styresmakta sin legitimitet gjennom perioden. I den følgjande bolken er temaet: ”Tukt og disiplin: frå synd til dyd”. Utgangspunktet er at tukt som straffande handlingar var ein funksjon kyrkja hadde ved sida av forkynninga, og kapitlet vil sjå på ”korleis læra om synda vart konstruert” og korleis omtalen av synd endra seg, slik at det mot slutten av perioden berre sto att ei retorisk side av kyrkjedisipinen. Den nest siste bolken er ei nærlesing av tre preiker – frå 1765, 1775 og 1801. Desse vert nytta som døme på ”den stabile ramma som omgav samfunnssynet i forkynninga, men samstundes òg dei forsiktige og trege utviklingstendensane”. I ein avsluttande bolk vert det understreka at målsetjinga har vore å sjå på preikestolen som eit talerøyr og handlingsskapande instrument for statsmakta. Ein har funne at det var heilt avgjerande for

prestane sitt embetsoppdrag å forsvara regimet med hud og hår. Internkontroll og strukturerte føringar gjorde at dette vart følgt opp, og preikestolen var eit svært styrt massemedium. Folk fekk høyra både korleis dei skulle te seg til vanleg, og korleis samfunnet var ordna og fungerte. Gjennom perioden skjedde det ei viss endring, delvis på grunn av nye teologiske retningar, men desse må ikkje overdrivast. I dei lange linjene i preikestolen sin politiske bodskap dreier det seg om både ein treg dynamikk og ein grunnleggjande stabilitet.

Vi har fått ei omfattande avhandling på 481 sider, og som vi har sett, tek ho opp mange viktige spørsmål som gjeld både politikk, teologi og generell samfunnsutvikling. Det har vore nødvendig å skaffa seg innsikt i ein omfattande litteratur på fleire felt. Både når det gjeld omtale av litteraturen og orientering om tidlegare forskning er framstillinga i innleiinga relativt avgrensa, medan litteratur og synspunkt, mest frå Sverige, er trekt inn undervegs. Forfattaren har orientert seg breitt mellom anna innan mange fagfelt i teologien som kyrkjehistorie, dogmatikk, etikk og homiletikk, noko som sjølsagt er svært krevjande. For innsikt i materien til dømes i homiletikken nyttar det lite å kunne bruka dei latinske nemningane – exordium, narratio, propositio, probatio og slik bortetter. Forfattaren si framstilling på fleire slike fagfelt kan det gjerast mange kommentarar til, utan at vi her kan gå laus på desse.

Men grunnlagsmaterialet for avhandlinga skal vera preikene som vart haldne i kyrkjene gjennom perioden. Dette materiale må det stilast mange spørsmål til. Kor mykje finst av slikt materiale, og kor stor del er dette av alt som vart produsert? Korleis skal det så tolkast? Kva var det viktige sett frå prestens side, og korleis vart preikene tekne imot? Kor langt rekk det materiale som vert presentert til å få innsikt i korleis preikestolen fungerte som politisk instrument i perioden? Kven nådde det fram til, kor mange hørde desse preikene? Avhandlinga

har eit kort kapittel om kjeldekritiske utfordringar, men det hadde nok vore ønskeleg med ei grundigare drøfting av kjeldesituasjon og kjeldebruk. Det hadde truleg også kunne medverka til fleire teoriar og konklusjonar.

Det viktigaste er sjølsagt kva innsikt avhandlinga kan gje oss i forståinga av preikestolen som politisk instrument. To moment vert understreka. For det første er det tvillaust at det frå preikestolen vart støtta opp om gjeldande autoritetsstrukturar og mana til disiplin og lydndad. Dette vert slått fast, men som forfattaren skriv: "At prestane fungerte som propagandørar for styresmakta i tidleg nytid er ein dårleg skjult løyndom." Men avhandlinga aukar absolutt vår innsikt i korleis dette kunne skje. For det andre blir det vist at det gjennom perioden gjekk føre seg ei endring i måten dette skjedde på. Men endringane var trege og endra ikkje den grunnleggjande bodskapen om lydndad mot Gud og styresmakta. Ei viktig sak for forfattaren å få understreka er at dei endringane som skjedde ikkje må oppfattast som sekularisering eller avkristning. Forfattaren har gjort eit stort arbeid som her ikkje kan omtalast og drøftast i større detalj, og avhandlinga fyller eit tomrom. Her er mange ting å læra og mange spørsmål å drøfta, og det kan nok vera plass for fleire arbeid på feltet.

Om avhandlinga er interessant, må det diverre seiast at ho har sine veike sider, ikkje minst ein del meir formelle. I deler av avhandlinga, særleg i eit par av dei tidlege bolkane, har korrekturlesinga vore uttallateleg mangelfull. Mengda av opplagde skrivefeil av mange slag er irriterande stor, det gjeld reine ortografiske feil, manglande ord og bokstavar og liknande. Ein kan nok med velvilje i dei fleste tilfelle få tak på innhaldet, men når det til dømes blir annonsert at ting skal bli "uutførlig" framstilt i komande artikkel (s. 14), og sameleis at ei anna sak skal bli "uutførlig" handsama seinare (s. 101), må ein undrast på om forfattaren har ei eiga forståing av ordet, for han meiner vel det motsette av det han skriv. I tillegg er

grammatikken spesiell og utanfor dei vanlege normene. Forfattaren skriv til dømes at historikarane er "oppteki" (s. 445) av brot i utviklinga, at situasjonen var "bundi" (s. 423), og insisterar på slik i-ending overalt. Personleg er eg glad for at ein vil nytta nynorsk, men synest også det er ille at ein då ikkje i avhandlingar som dette følgjer dei hovudnormene som gjeld. Når det gjeld ordtilfanget, må ein sjølsagt stå friare, men det har sine konsekvensar når forfattaren ønskjer å nytta ord som det er vanskeleg å finna i ordlista. Han skriv til dømes mange stader om "størring" – slik som om kjeldematerialet som er omfattande i "størring" (s. 25), om "å auka skriftstørringa" (s. 23), og om "ortodoksi og pietisme som dei størringane eg allereie har definert dei til" (s. 52). Lettare er det kanskje å skjønna me-

ninga når han skriv om "å vekka tilhøyrarane si gaumsemd" (s. 153). Etter mi meining blir likevel konsekvensen av slik ordbruk at ein lagar ein lengre og vanskelegare veg til innsikt for dei fleste lesarar, utan at dei uvanlege orda gjev noko betre form for innsikt enn eit vanlegare ord ville ha gjeve. I denne avhandlinga blir summen av dette – manglande korrektur, spesiell grammatikk, spesiell ordbruk – til saman eit slags skoddebelte som diverre gjer det unødige krevjande å få tak på innhaldet. Eg synest det ville vera ille om dette skulle føra til at boka vert mindre lesen, for det er interessante ting å finna for den som vinn over hindringane.

*Steinar Suppbellen*